# sft: Informasjon

TA- 2166/2006

## Impregnert trevirke som farleg avfall



***SFT og fylkesmannen kontrollerer våren 2006 mottak og mellomlagringsplassar for farleg avfall. Eitt tema for kontrollane er korleis mottaksanlegga handterer impregnert trevirke.***

CCA-impregnert trevirke (CCA står for kopar, krom og arsen) er forbode å bruke, importere og omsetje. Unntak er visse bruksområde i næringsverksemd. CCA-impregnert tre inneheld tungmetalla krom og arsen, som er giftige både for menneske og for miljøet.

**CCA-impregnert trevirke er farleg avfall**
Kreosotimpregnert og CCA-impregnert trevirke er definert som farleg avfall sidan 2003. Avfallet skal leverast til godkjent mottak for farleg avfall og deklarerast. Deklarasjonsskjema kan skaffast hos avfallsselskapa.

**Vanskeleg å sjå forskjell**
Det kan vere vanskeleg å sjå forskjell på CCA-impregnert trevirke og trevirke som berre er impregnert med kopar. Er ein usikker, må avfallet handterast som farleg avfall.

**Sluttbehandling**
Fleire forbrenningsanlegg har løyve til å brenne impregnert trevirke. Eksport av avfall til sluttbehandling krev eit eige løyve frå SFT.

**Gjenbruk av impregnert trevirke er forbode**
Det er ikkje tillate å gjenbruke impregnert trevirke.

**Gjeldande regelverk**
Forskrifta om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) kapittel 11 Farlig avfall og kapittel 13 Grensekryssende transport av avfall, med vedlegg.

**Aktuelle EAL-kodar ved deklarering av impregnert trevirke**
Kapittel 11, vedlegg 1 i avfallsforskrifta gir ei oversikt over den europeiske avfallslista (EAL). EAL er ei liste over avfall som er felles for heile EØS-området. Det er gjort nokre få norske tilpassingar. Ein avfallskode har alltid seks siffer. Andre kodar står berre for kapittel og underkapittel, og skal ikkje brukast som avfallskodar. Avfallstypar som er merkte med stjerne (*) i EAL, er farleg avfall. For impregnert trevirke er desse kodane aktuelle (skrivne med kursiv skrift):

| | |
|---|---|
| 17 | Avfall frå byggje- og rivingsarbeid |
| 1702 | Tre, glas og plast |
| **170204* | *Tre, glas og plast som inneheld eller er ureina av farlege stoff* |
| | |
| 19 | Avfall frå avfallsbehandlingsanlegg og eksterne avløpsreinseanlegg |
| 1912 | Avfall frå mekanisk behandling av avfall (for eksempel sortering eller knusing) |
| **191206* | *Tre som inneheld farlege stoff* |
| | |
| 20 | Kommunalt avfall (hushaldsavfall og liknande avfall frå handel ...) |
| 2001 | Separat innsamla fraksjonar |
| **200137* | *Tre som inneheld farlege stoff* |

*Statens forurensningstilsyn*
*Postboks 8100 dep,*
*N-0032 Oslo*

*Telefon:+47 22 57 34 00*
*Telefaks:+47 22 67 67 06*
*E-post:postmottak@sft.no*
*Internett:www.sft.no*

*Bestilling:*
*www.sft.no/skjema.html*

**Les meir:**

SFT
www.sft.no
Her finn du informasjon om regelverket, om farleg avfall osv.

Fylkesmennene
www.fylkesmannen.no
Meir om aksjonen i fylka.

Miljøstatus i Noreg
www.miljostatus.no
Her finn du talmateriale og forklaringar knytte til ulike typar av farleg avfall.